

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, møte 12.oktober 2015

Om rolla til petroleumsrådet og satsing på petroleum i Sogn og Fjordane

Fylkesordføraren har bedt fylkesrådmannen leggje fram eit notat om verksemda i petroleumsrådet til dette møtet i fylkesutvalet. Notatet er forfatta av næringsavdelinga ved oljekonsulenten.

Historie og føremål

Petroleumsrådet vart oppretta i 2005. Tidlegare hadde det fylkeskommunale oljeutvalet, som var eit underutval under hovudutval for næring/regional utvikling, eksistert i mange år. Oljeutvalet vart lagt ned ved vedtak i FT-sak 24/03. Hovudutval for plan næring overtok då funksjonane til det tidlegare oljeutvalet.

Petroleumsrådet vart oppretta etter (dels eksternt) initiativ om auka satsing. Etter vedtektene skal petroleumsrådet ha fem medlemmer og vere samansett av fylkesordføraren, ein medlem frå hovud-utval for plan og næring, ein ordførar frå ein kommune med særleg interesse i sektoren og to fagpersonar som har god kunnskap om næringa. Det ligg vidare i vedtektene at fylkesordføraren skal vere leiar for rådet og at fylkespolitikarane vel nestleiar.

Petroleumsrådet skal arbeide for å styrke industriell utnytting av olje- og gassressursane i Sogn og Fjordane. Petroleumsrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan olje- og gassektoren og ha særleg fokus på feltutbyggingar, ilandføring, industriell utnytting av gass på land, Florø som drifts- og baseby, konsesjonsrundar, arbeide for å styrke Sogn og Fjordane som serviceleverandør til oljeindustrien i norsk og engelsk sektor, utvikling av miljøsikker, landbasert attvinning av petroleumsinstallasjonar. Petroleumsrådet skal representere fylket i høve kontakt med oljeselskap, styresmakter og andre.

Aktivitet i petroleumsrådet

Petroleumsrådet har i perioden hatt mange møte med operatørselskap, større leverandørselskap, bransjeorganisasjonar og politikarar. Motiva har mellom anna vore å opprette og vedlikehalde kontaktar, innhente informasjon, syne engasjement for næringa, tale vår sak i samband med feltutvikling, omleggingsprosessar, etc. Møta har dels vore avvikla gjennom frittstående initiativ/møteseriar. Petroleumsrådet har elles vore representert under til dømes ONS (Offshore Northern Seas) og OTC i Houston, og slike høve har vorte nytta til å få til særskilte møte med aktuelle selskap.

Petroleum er ei av dei prioriterte satsingane i verdiskapingsplanen. Petroleumsrådet er styringsgruppe for denne delen av arbeidet, mens Maritim Forening Sogn og Fjordane har ansvar for leverandørutviklingsarbeidet. I planen presenterte petroleumsrådet dette som viktige innsatsområde for 2015:

- Tett oppfølging av operatørselskapa

- Følgje Statoil sine vurderingar om vidareutvikling av Snorre-feltet (Snorre C). Ha tett dialog med selskap og sentrale styresmakter om dette.
- Følgje opp Statoil sine positive utsegner om utvikling av logistikkcenter for rør og røyrbasen generelt.
- Sikre at Statoil ikkje gjer endringar som fører til reduksjon i aktivitet når det gjeld utflyging frå Florø lufthamn.
- Aktiv oppfølging av andre feltoperatørarar og lisenshavarar utanfor kysten av fylket. Dette gjeld for felt i drift (GDF SUEZ/Gjøa), felt under utbygging (BG/Knarr) så vel som funn/felt under planlegging (som til dømes Wintershall/Skarfjell, Total/Garantiana og Suncor/Beta).
- Systematisk oppfølging av arbeidet til Maritim forening Sogn og Fjordane.
- Halde god dialog med NCE Subsea- kontoret og støtte opp under arbeidet for GCE-status.
- Oppdatering og utsjekk av samarbeidsmoglegheiter:
 - Halde god dialog med Fjord base og bedriftene som er lokalisert der.
 - Besøke Sløvåg og Lutelandet.
 - Bidra til å få fram god og mest mogleg fullstendig oversikt over aktuelle leverandørar til petroleumsnæringa, samt andre viktige forhold som operatørselskap som kan tenkjast å etablere seg i fylket vil etterlyse.
- Lage mal for rapportering frå petroleumsrådet til aktuelle politiske organ og andre sentrale interessentar.

For det fleste av desse punkta er status = «pågår, men ikkje i mål». Besøk til Sløvåg og Lutelandet er ikkje kvittert ut. Når det gjeld Lutelandet er grunnen at Yme-prosjektet let vente på seg. Når det gjeld mal for rapportering frå petroleumsrådet til aktuelle politiske organ, så har dette ikkje funne ei god nok løysing så langt.

Skot for baugen

Det har vore semje i fylket om at Flora er «vår oljehovudstad». Her er innslaget av petroleumsaktivitet høg. Miljøet i Flora har i inneverande periode vore under press, og Statoil flyttar aktivitet til Mongstad. I prinsippet skulle omlegginga ha vore ein realitet 1.juli i år, men i realiteten har vi vel knapt sett effekten enno. Statoil ønskte å flytte all ordinær forsyningsverksemd, men enda opp med å la forsyningar til Snorre og Visund framleis gå frå Florø. Det er grunn til å frykte at ambisjonane om samling på Mongstad lever vidare. Prosessar rundt forlenging av konsesjonstid for plattformene Snorre A og B, og ev. fremjing av planar for ei ny C-plattform, er her for «risiko-prosessar» å rekne.

I tillegg til Statoil er også operatørselskapa Engie/GdF Suez E&P Norge og BG Norge representerte i Florø med forsyningar, driftsoppgåver og helikopterflyging til høvesvis Gjøa og Knarr. Voluma til desse installasjonane er etter måten små, og forsyningar til Snorre og Visund blir viktig for å oppretthalde grunnlag for ein fullservicebase.

Når det gjeld omlegginga til Statoil, så kan vi i etterpåklokskapens lys tenkje på om vi i fylket burde lagt større vekt på å tale med éi tunge. Prosessen vart gjerne i for stor grad påverka av Statoil sine invittar til sær møte med fylke, kommune og andre.

Er petroleum viktig for Sogn og Fjordane?

I absolutte sysselsettingstal er Sogn og Fjordane eit lite petroleumsfylke. Målt mot den store produksjonen vi har utanfor fylket (ca. 28 prosent av samla norsk oljeproduksjon), kjem vi dårleg ut. Rogland har det desidert største innslaget, Hordaland er ein god nummer to, og også Møre og Romsdal er langt større enn oss.

Men dette betyr ikkje at petroleum er uviktig for oss. Nedst i notatet følgjer eit utdrag frå IRIS-rapporten Industribyggerne 2015. Den seier at åtte prosent av alle busette sysselsette i Sogn og Fjordane arbeider innan petroleumsrelatert verksemd.

Petroleumsverksemd utgjer også eitt av dei to beina til Maritim Forening Sogn og Fjordane. Foreininga har over 60 bedriftsmedlemer i fylket. Dei legg stor vekt på å utvikle samarbeids-konstellasjonar bedriftene i mellom for å kunne aksle større utfordringar. Så langt er entusiasmen høg. Og petroleum er altså ein viktig del av deira samarbeidsgrunnlag.

I dag er oljeprisane så låge at mange prosjekt vert sette på vent. Også planlagt og (i alle fall på sikt) naudsynt modifikasjons- og vedlikehaldsarbeid vert utsett. Å spå om framtidig oljepris har vist seg vanskeleg også i tidlegare periodar. Tidlegare har prisane teke seg opp att over tid. At verda på kort sikt skal gjere seg uavhengige av fossile energikjelder, verkar ikkje å vere ei rådande oppfatning.

Mellom anna følgjande synest å tale til fordel for å halde fram satsinga på petroleum også i komande periode:

- Petroleum er ei prioritert satsing i verdiskapingsplanen.
- Maritim forening Sogn og Fjordane synest å ha eit godt grep om å utvikle entusiasme og samarbeidskonstellasjonar blant bedriftene i fylket. Petromaritim næring er deira samarbeidsflate, og det vil vere uheldig å «terminere» ein viktig del av denne. Vellukka samarbeidskonstellasjonar kan truleg «eksporterast» til andre – deriblant «grønare» næringar på sikt.
- Politisk klima og sparekampanjar i næringa, gjer det til ei stor og viktig oppgåve å halde på den aktiviteten vi har, mellom anna knytt til forsyning og drift i Florø. Idéar om at auka sentralisering og større einingar er billigare og betre har sterkt fotfeste, og dette talar ikkje i vår favør.
- Som operatør for Snorrefeltet («Sogn og Fjordane sitt felt»), står selskapet framfor viktige avgjerder for vidare utvikling og drift. Det er avgjerande viktig for oss å ikkje miste fotfeste her.
- KU-program for Skarfjell er no på høyring. Dette betyr at operatørselskapet Wintershall Norge no set fart på arbeidet med å utvikle feltet. Om dette blir ei undervassutbygging knytt mot Gjøa, eller ei frittstående utbygging, er ikkje avgjort. Uansett vert dette eit viktig felt for oss å få strukturelle koplingar (som forsyningsliner) til.
- Fleire andre funn er også aktuelle for utbygging, særleg om oljeprisen tek seg noko opp. Av dei som ligg lengst framme i løypa er truleg Garantiana, der Total Norge er operatør.

Halde fram med petroleumsrådet i komande periode?

Poenget med lista over er å syne at det er store og viktige prosessar på gang. At aktivitet held seg eller kjem til Sogn og Fjordane heilt utan vår innsats er lite sannsynleg. Om vi ønskjer slik aktivitet, verkar det difor naudsynt å sikre tid, engasjement og kopling til formelle posisjonar. Det er ikkje opplagt at dette fordrar eit petroleumsråd etter dagens modell, men denne modellen har i alle fall rom for dette. Vi bør difor ikkje forkaste den utan at eit betre eller jamgodt alternativ ligg på bordet.

Vedlegg – dømme på at petroleum er viktig også for Sogn og Fjordane Industribyggerne 2015:

International Research Institute of Stavanger AS www.iris.no


18) Sogn og Fjordane: Åttende største petroleumsfylke etter andel

Ansatte i petroleumrelatert virksomhet i Sogn og Fjordane tilsvarende over 3 % av alle bosatte sysselsatte i fylket. Det er kun i de øvrige vestlandsfylkene, Agderfylkene, Oslo og Akershus at petroleumsvirksomheten har større relativ betydning.


Fylkets eksportrettede leverandører er i stor grad knyttet til de to petroleumrelaterte skipsverftene, Leirvik og Florø, og utvide av ansatte til skipsverft over hele Vestlandet. Men fylket har også smøsefabrikasjon (Løvster Mekaniske Industri) og design og produksjon av prosessanlegg for behandling av boreavfall (Hellenes i Førde). Utover dette er Sogn og Fjordanes petroleumsnæring i stor grad preget av tjenester til løpende drift, herunder miljøer på og rundt forsyningsbasen i Florø, med både operatørselskap, oljeservice og verkstedindustri.

Landansatte i direkte petroleumrelatert virksomhet

Der som vi ser på kun landansatte i direkte petroleumrelatert virksomhet (nederste figur), ser vi at de store næringsgruppene er *Verftindustri og installasjon*, *Verktøindustri* og *Teknikk tjenesteyting og vedlikehold*.



Figur 65: Offshoreansatte bosatt og landansatte i direkte og indirekte petroleumrelatert virksomhet i forhold til bosatte sysselsatte, Sogn og Fjordane 2014. Kilder: IRIS og SSB



Figur 66: Direkte petroleumrelaterte landansatte per næring og totalt, Sogn og Fjordane 2014. Kilder: IRIS og SSB

Utdrag frå Verdiskapingsanalysen til MFSF 2015

3. Hovudobservasjonar

Leverandørindustrien til petroleumsnæringa skapte i 2013 verdier for 1,74 MRD NOK i Sogn og Fjordane

- Sogn og Fjordane har 161 verksemdar som er leverandørar til petroleumsvirksomheten. 3 av desse er operatørar.
- Verksemdene omsatte i 2013 for 4,86 MRD NOK, hadde 1.740 årsverk, og stod for ei verdiskaping på 1,74 MRD NOK
- 33 verksemdar er identifisert som potensielle leverandørar i framtida
- Leverandørane i petroleumsnæringa i Sogn og Fjordane opererer innfor alle leverandørkategoriar med unntak av rigg- og boretenester – og auker i verksemdar frå førre til denne undersøking kjem innfor alle desse kategoriane
- Eit fleirtal av leverandørane opererer både i den lokale og den nasjonale marknaden, og mange jobbar i tillegg internasjonalt
- 122 verksemdar er identifisert som topp tre kundar – Statoil er oftast nemnt og står i år som i fjor fram som den viktigaste kunden for leverandørane totalt sett
- Leverandørindustrien meiner at ein framover har best sjans for å lykkest innfor vedlikeholdstenester, og at synlegheit og marknadsføring er både ein sentral suksessfaktor og ei stor utfordring
- Sysselsetjing er leverandørane sin viktigaste motivasjon for å satse på næringa

